



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 24.08.22	
Sak nr. 15/22,16/22,12/22,17/22,18/22	Møtestad: Kyrkja kl.16.30
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Anne Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S.Stærnes	Medlem Maria Eide Sørheim
Geistleg representant Arne Opsahl Engen	1.Vara
Forfall til møtet:	

Utskrift sendes til: Medlemar, varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Informasjon:

Meldingar:

Ingen meldingar

Nedanfor føl sakene som skal til handsaming i møtet.

Saker:

15/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

- 16/22 Godkjenning av protokoll frå møtet den 08.06.22**
- 12/22 Kort Evaluering av årsmøtet 26.03.22 – utsett frå 08.06.22**
- 17/22 Årshjul- plan for haust/vårsemester 2022/2023**
- 18/22 Eventuelt**

Sak 15/22 Godkjenning av innkalling
--

Vedtak:

Innkalling til møtet den 24.08.22 vart samrøystes godkjent.

Sak 16/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 08.06.22 vart samrøystes godkjent.

Sak 12/22 Kort evaluering av Soknemøte

Kort utgreiing om saka:

Planlegging:

Gjennomføring

Sjølve årsmeldinga

Fått tilbakemelding om at rekneskapen burde lagt ved årsmeldinga slik at eventuelle spørsmål kunne vore handsama i møtet. Det må vere godt nok at eit resyme av rekneskapet blir lagt fram i soknemøtet. At det ikkje er nødvendig å framlegge eit fullstendig rekneskap
Soknerådet vil undersøke kva som er praksis i andre sokn

Vedtak:

Soknerådet undersøker kvar som er praksis i andre sokn.

Sak 17/22 Årshjul – plan for haust/vårsemester 2022/ 2023
--

Kort utgreiing om saka:

Lage eit årshjuls som inneheld aktivitetar /møte aktivitet for perioden haust og vår 2022/23.

Vi tok utgangspunkt i dei planane vi har frå før, årshjul, diakoniplan, kyrkjemusikalsk plan, kyrkjevert liste, offerliste osv.

Målet er å gjere planen så konkret og nøyaktig som mogleg. Det vil sei at det blir ein aktiv, brukarvenleg og forutsigbar plan for arbeidet i kyrkja vår, for både sokneråd og stab.

Vi var samde på sist møte å lage ein plan som gjev oversikt for kvar månad. I årshjulet har kvar mnd har eit fokus. Dei ulike fokus skal vere eit tema i gudstenestene. Utarbeiding av årsplan vart gjort saman med staben i Jondal.

Vedlegg: Det utarbeidde forslaget til årshjul.

Sak 18/22 Eventuelt

- Spørsmål om konsertar/arrangement:
Markus evangeliet v/ Christian Steij skal September-desember 2022 eller vår 2023

Engelberg og Solvik(september, oktober, event. sommarkonsert

Soknerådet einige om å ikkje seie ja no til dei 2 spørsmåla om konsert/arrangement i kyrkja.

Det er ynskjeleg å vite noko om kostnad før ein seier ja.

Soknerådet skal utarbeide retningslinjer for slike arrangement. Anne Karin hjelper til med det.

- Brev frå konfirmantforeldre om å kunne ha konfirmasjon på ein laurdag.

Arne Opsahl Engen har snakka med prosten. Han har gitt høve til å velje konfirmasjon på laurdag eller søndag. Lokal tilpassing. Biskopen har ynskje om at konfirmasjon skal vere på søndagar. Arne tek det opp med konfirmantforeldre.

- Open kyrkje i sommar

Kyrkja var open måndag til torsdag i veke 25-33. Det var laga ei liste over friviljuge som opna og lukka kyrkja, valfrie klokkeslett. Godt besøk. Og eit positivt tiltak.

Det er ynskje om betre informasjon om når kyrkja er open. Staben i kyrkja må vite om planen for open kyrkje.

Signatur

Signatur